

Til Språkrådet
Frå fagmiljøet i nordisk språk, UiB
18.03.2024

Høyringsfråsegn om Forslag til rettskrivningsendringar i bokmål og nynorsk 2024

Fagmiljøet i nordisk språk ved Universitetet i Bergen meiner forslaga til rettskrivningsendringar gjennomgåande er fornuftige og godt motiverte ut frå språkbruken og dei gjeldande retningslinjene for normering.

Til punkt 3.3 om norvagisering: Forslaga har godt grunnlag i normeringstradisjon og retningslinjer, og vi støttar dei. Vi reknar vel å merke med at dei fleste av dei nye stavemåtane vil ha vanskar med å slå igjennom. Stavemåtane frå långivarspråka har allereie blitt godt innarbeidde i norsk språkbruk. Dersom norvagisering skal vere ein farbar veg i framtida, bør nok Språkrådet ta sikte på å normere norske stavemåtar raskare.

Til punkt 5.2 om *koss*: Vi har ikkje observert noko ønske frå språkbrukarane om å få denne forma tilbake, så vi kan ikkje sjå at endringa er nødvendig. På den andre sida fører det neppe noka ulempe med seg om nynorsken får ei ekstra form her; bokmål har jo *hvordan*, *hvorledes* og *åssen*.

På vegner av fagmiljøet i nordisk språk,
Universitetet i Bergen,
Torodd Kinn
professor i nordisk språkvitskap